



Årsmelding 2023

I land som Litauen er emigrasjon regnet som universalmiddel for alle sine problemer. Finner du ikke jobb - emigrer, tjener ikke nok penger - emigrer, kan ikke finne kjærlighet - hva om å prøve bredere farvann? Er du lei deg? Men, hør her, enda en lykkelig historie om emigrasjon! Alle snakker om hvem som emigrerte og hva det gav dem. Noen historier er diktet, noen er reelle, men det som er spesielt med dem er at de aldri stopper.

AUSRA

Jeg drømte om å være mer selvstendig og ha min egen familie og mitt eget hjem. At jeg havnet i Norge var en ren tilfeldighet. Et møte med en mann fra Norge som viste interesse for mitt land, kultur, historie og til og med meg. Det ble en mulighet for meg å starte et nytt liv, og kanskje få alle disse tingene på plass.

Mitt første møte med Norge var spennende, naturen med steiner på begge sider av veien og fjell i horisonten. For meg har fjellet alltid vært et tegn på noe velstående, siden jeg ikke har vært i fjellområder i min oppvekst.

Jeg så på den spennende norske naturen og tenkte at dette er helt nok: Tenk at dette skal være mitt nytt hjem og jeg skal eie litt fjell i livet mitt! Som i dag husker jeg at alt så ut som et eventyrland.


Allt var nytt, interessant og feilfritt.

SOM MIGRANT MØTER ALLE DEN SAMME
VIRKELIGHETEN
HVOR DE MÅ TILPASSE, FINNE SIN VEI
OG GJØRE DET NYE LANDET TIL SITT HJEM

Senere har jeg møtt på en del utfordringer. Å snakke språket har vist seg å være helt nødvendig. Nordmenn elsker språket sitt. Snakker en norsk åpner det mange dører. Prøv deg på engelsk, og det stenger de samme dørene. Et fremmed navn kan også begrense mulighetene dine. Å finne arbeid kan være utfordrende, og å forstå arbeidskulturen til tider umulig.

Det er ikke lett, og vi møter motgang og andre utfordringer i et velstående og fredelig land. I møte med andre migranter merker jeg av og til den tause tristesse som tyder på noe usagt, noe de ikke selv vet hva er eller hvordan å best spørre om.

Taksten er ferdig! Fra Ausra Ausra Ludvigsen sin kunnende bok Kunst (Tidens Forlag) Høst 2023



Innleiing

2023 har vore eit år med mykje aktivitet. Den største nyvinninga er etablering av fast torsdagskafe i Kafé Emigranten. Gjennom året har dette vorte ein fast og kjær møteplass for ein gruppe lokale menn, samtidig kjem andre meir sporadisk, og jamt og trutt dukkar det opp nye ansikt. Dette er eit etterlengta og verdsett tilbod for lokalsamfunnet.

Året har også vore prega av prosjektet *Nye stemmer, samme samling*, som har hatt god framdrift slik at vi no til og med har meir materiale enn vi trudde vi skulle få i utgangspunktet.

Vi har også hatt god hjelp av Bevaringstenestene sitt Dokumentasjonsteam slik at vi har fått gjort eit relativt stort hopp når det gjeld registrering av samlinga vår i Primus. Dette set vi stor pris på å ha fått hjelp til å få gjennomført.

Mål: Organisasjon og økonomi

Økonomi

Utvandringscenteret har grei kontroll på økonomien. I 2022 fekk vi tilsagn på 150 000 frå UNI-stiftelsen til prosjektet med å vøle Nybyggerstova, og i 2023 fekk vi 200 000 frå Vestland fylkeskommune i tilskot gjennom Museumsloft. Vi håpar i 2024 å få sett i gang denne istandsettinga. Til prosjektet trengs det også ein handverkar som har kunnskap og kompetanse til å styre arbeidet.

Vi har fått 40 000 i tilskot frå Fritt ord, der vi har søkt midlar til å bearbeide og utarbeide formidlingsopplegg og utstilling basert på det innsamla materialet til Nye stemmer. Arbeid med dette materialet startar på nyåret.

Det vart også søkt midlar til prosjekt i Den kulturelle skulesekken, Escape box, Livet på Prærien, Steinalder og Hemmeligheter på loftet. Vi fekk ikkje støtte til å gjennomføre eller utvikle nye aktivitet. Men, lokalskulene på Radøy er med i Den kulturelle skulesekken, og Utvandringscenteret og skulane får dermed stønad til forbruksmateriell og skyss. Dei andre skulane frå Alver og frå andre kommunar ikkje får midlar dekkja noko gjennom ordninga Den kulturelle skulesekken.

Vi fekk midlar frå Den kulturelle spaserstokken til arrangement og tilbod knytt til Reisekista, to arrangement, ein open dag, og ein for institusjonsbesøk hos oss.

Vi har også vore støttespelarar til ein søknad om KUP-midlar som Fjellkoret har sendt i høve Utvandrarjubileet, med prosjektet *Det løfterike landet*, Dei har no til saman fått over 1 000 000 frå Vestland fylkeskommune og Sparebanken Vest.

Sparebanken Vest innvilga 12 000 til vårt Kafé Emigranten for våren 2023, og i haust fekk vi tilsagn på prosjektmidlar på 20 000 som gjeld 2024.

Før jul vart det også klart at Alver kommune, trass sær sram økonomi har Vestnorsk utvandringscenter inne i sine budsjettplanar for dei kommande tre åra, og vi opprettheld difor tilkotet derfra.

Utleige

Dette året har det vore til dels mykje utleige. Det har vore både bryllup og to dåpar, og i tillegg diverre seks gravferder. I tillegg er det både konsert og det årlege Pinsestemnet ei helg.

Emigrantkyrkja og Emigranten har også vore leigt ut til TV-sending. Kristen Media Norge, med Bjarte Ystebø i spissen hadde direktesending via Bedehuskanalen, YouTube og Facebook i, tre dagar på rad i Thanksgivinghelga

Nytt i år er at det også har vore utleige også av lokala Emigranten, både til selskap og møter. Eit lokale på Manger som tidlegare har vore nytta som møtelokale for organisasjonar er lagt ned, og det er etterspurnad etter møtelokale for desse. Det er difor kjekt at vi kan få leige ut til desse.

Vi hadde også ein dag med utleige av uteområdet, eit hus på Prærien og toaletta i kjellaren.

Personale

Tilsette

Avdelingsleiar Lena Eikeland Kutschera har 100 % stilling, og har også for ein periode eit ansvar for felles marknadsføring av MUHO, slik at nokre av hennar oppgåver kan delegerast til formidlaren.

Linn Merethe Myrtveit var delar av året tilsett stillinga fast 60% og ytterlegare slik at det vert 100% i prosjekt og vikariat. Frå hausten av vart dette endra slik at ho fekk fast heiltidsstilling. Vi har gjort tilsettinga av museumspedagog til ein 100% fast stilling, der 10% er knytta opp mot arbeid med nettbutikken, og delen av felles marknadsføring for MUHO ikkje lenger skal gjerast for eller kompenseras av felles MUHO-midlar. Vi jobbar hardt for å få til økonomien til å få dette til å bere seg, slik at mest mogeleg av våre tidsressursar vert nytta til oppgåver på Utvandringssenteret.

Harald Mellingen har ansvar for drift og vedlikehald av bygg og anlegg fast i 50 % stilling.

Denne sommaren hadde vi to sommarvertar, slik at vi til ein kvart tid var to på jobb, ein til å ta omvising og ein til å vere vertskap i kafe og museumsbutikken. Vi tilsette to lokale vertar, Silje Andersen Storheim og Sindre Røystrand Kolås. Vi merker at open Kafé Emigranten og to sommarvertar har gjort både kafé og museumsbutikken meir attraktiv. Vi har no eit breitt utval av butikkvarer, og opplever at gjestar vil handle i butikken vår. Tidlegare har det vore vanskeleg å rekke å få folk innom i kafé og butikk, og vi har måtte både lukke kafé og butikk når det har vore omvising. To tilsette til å ta i mot i sommarsesongen gjer det også tryggare for vertane på jobb, og gjev eit betre oppleving for gjestane, og fører til meir sal både av kafé- og butikkvarer.

Felles ressursbruk i MUHO

Avdelingsleiar har i 2023 hatt ansvar for felles marknadsføring og sosiale medier for MUHO. Det har vært jobba med ein fellesbrosjyre for MUHO, laga kampanjer for Nettbutikken og deltatt på Kick off for Visit Bergen, og Julemarknaden i Bergen. Det også vart laga ein slidesfilm for å presentere musea i MUHO.

Museumspedagog/formidlar har også hatt ansvar for oppgåver knytt til nettbutikken, og fått den i mykje meir aktiv bruk. Dette er på oppdrag frå Administrasjonen. Ho har også engasjert seg i Escape box, som også går som søknad og tilbod i Den kulturelle skulesekken, frå fleire av avdelingane. Ho er også med i formidlingsgruppa.

MUHO var på studietur til England og alle tre på avdelinga var med. Vi hadde ein flott, interessant og lærerik tur, og ikkje minst var det kjekt å vere sosial og verte meir kjent med mange fleire i heile MUHO.

Formidlaren på Utvandringscenteret deltok på Sirkulærdagen på Høgskulen i Vestland saman med formidlingsgruppa i MUHO. Målet var å gjera MUHO sine tilbod kjent blant ei yngre målgruppe, i tillegg til å knytte kontaktar med td lærarutdanninga og andre relevante utdanningsavdelingar som kan tenkast å nytte våre tilbod. Dei hadde med Escape-boxen som samlande aktivitet, prata med folk og delte ut brosjyrer.


Utvandringscenteret sin formidlar deltok også på Museumspedagogisk påskeseminar ved Naturhistorisk museum i Oslo. Her presenterte ho, saman med formidlar frå TIM, Escapeboxen for andre museumsformidlalar frå heile landet. Her var også mange andre spanande innlegg frå andre museum.

Fagleg oppdatering er viktig, og formidlar har også vore på vertskapskurs i regi Innovasjon Norge. Her sette dei søkelys på korleis ein kan gjera opplevinga betre for gjestar ved museet.

Besøk og arrangement:

Vi har hatt bra besøk i 2023, og hadde håpa på at vi nådde 3000 når året var omme, men tala stoppa på 2861. Besøket har fortelt seg på 16 grupper, eit tal som vi helst skulle sett var høgare, med fleire gruppebesøk. Vi hadde også 16 skulegrupper hjå oss, inkludert eit par barnehagegrupper og vidaregåande skuleklassar. Vi hadde også ein aktivitetsdag for skuleelevar både i vinterferien og sommarferien, dette i samarbeid med Lyngheisenteret.

	Enkeltbesøk voksne	Enkeltbesøk barn og unge	Besøk i grupper, voksne	Besøk i grupper, barn og unge	Antall besøkende som betalte inngangspenger	Kafé Emigranten
januar	40	2	0	0	0	42
februar	77	0	0	0	0	77
mars	67	1	22	26	8	41
april	57	0	0	0	0	53
mai	44	4	129	63	127	33
juni	168	8	180	167	241	102
juli	595	19	121	0	200	63
august	154	13	53	0	125	100
september	176	59	56	0	171	127
oktober	122	64	0	0	115	61
november	90	0	77	0	27	100
desember	103	104	0	0	0	57
TOTALT	1693	274	638	256	1014	856



Arrangement

Vi gjennomførte 14 ulike arrangement gjennom året, dette inkluderer Utvandningsfestivalen. Flest arrangement var det i siste halvår. Dette heng også sammen med at vi har flest gruppebesøk første halvår, og i tillegg tek planlegginga av Utvandningsfestivalen mykje tid og ressursar.

- 26. januar Første opningsdag torsdagskafe – Emigranten
- 30. juni Fredagskveld i Saloonen - Skyerish - Utvandningsfestivalen 2023
- 1. juli Festivalmyldring - Utvandningsfestivalen 2023
- 2. juli Festgudsteneste og monumentsseremoni
- 2. juli Familiedag på Prærien - Utvandningsfestivalen 2023
- 10. september [Livet på Prærien - familiedag.](#)
- 19. september [Reisekisten - minner og mimring - open dag](#)
- 4. oktober [Quiltehistorier - historier om quilt - ULLVEKA](#)
- 5. oktober [Forteljarkveld om utvandringa til Amerika](#) Kystmuseet i Øygarden/Memoar/Utvandningscenteret
- 17. oktober [Utvandrarjubileet: Intervjudag på Kystmuseet](#) Kystmuseet Øygarden/Memoar - norsk organisasjon for
- 31. oktober [Halloween på Prærien - familiedag](#)
- 16. november [Torsdagskafe med Gamle bilder fra Radøy](#)
- 3. desember [Utekino - Den første julen i Skomakergata](#)
- 6. desember [Førjulskveld på Sletta](#)

Kafé Emigranten har også fått i gang eit samarbeid med den lokale skulen, der ein elevbedrift kjem inn i kafedrifta, og skal ein gong i månaden ha ansvar for menyplanlegging, servering, sal og drift.

Vi opplever at kafeen vår har vorte ein viktig møteplass for lokalsamfunnet, og får sær gode tilbakemeldingar på dette. Særleg viktig er det av vi ser at vi har vorte fast møteplass for menn som er heime på dagtid. Dette er noko Frivilligsentralen også verdsett, sidan det er oftast flest kvinner som går på kafe. Mange legg nemleg opp til strikkekafe eller handarbeidskafe, og då er det ikkje så naturleg for menn å delta. Tilbodet er støtta av Ildsjelfondet til Sparebanken Vest. I haust søkte vi igjen midlar frå Sparebanken Vest sitt fond, for vidareføring av prosjektet også i 2024, og vi fekk tilslag på 20 000 for første halvår i 2024.

I løpet av året har vi hatt torsdagskafe stort sett kvar einaste torsdag, med torsdagane i sommarsesongen/skuleferien som del av den vanlege opningstida. Tilsaman kan vi telle besøkstall i Kafé Emigranten på 856, noko som seier at det utgjør fleire enn dei som kom på gruppebesøk hos oss. Besøktstalet frå grupper har ikkje heilt tatt seg opp igjen etter koronaen.

I 2023 har vi hatt med oss mange frivilliginnsatsar. Vi er heldige å ha med oss frivillige til arrangement, særleg er det eit løft ved det store familiearrangementet og festival, til saman 38 stykker, kvar har lagt ned i snitt 4 timar, i overkant av 150 timar. Ikkje minst drifta av Torsdagskafeen avhengig og stort hjulpen av frivillige, til saman 26 gonger, også då kring 4 timer kvar gong, i overkant av 100 timar. Nokre ha endåtil sett seg opp på fast turnus med annakvar veke, medan andre stillar opp så sant dei har høve, men ikkje så regelmessig. Som oftast er ein av oss fast tilsette til stades, men det hender også at vi er begge, eller ingen.

Utvandringscenterets venneforening er ei gruppe som fortener heider. Dei har eit aktivt styre som held jamnlege møter, og som bidreg med planlegging først og fremst knytt til Utvandringsfestivalen. I samband med årsmøte fekk dei valgt nytt styre med fleire ny medlem, men det var vanskeleg å få nokon til å melde seg som styreleiar i Venneforeninga. Dette er ei utfordring, og først på andre konstituerande møte vart det valgt leiar. Venneforeninga stilte seg sær positiv til å ha fast opningstid i Kafé Emigranten kvar torsdag, og sa seg også villige til å stille opp til frivillig innsats i samband med dette. Stort sett kvar torsdag er ei av dei frivillige med som kafevakt, og det har også vore tilfelle at dei har halde ope ved nokre høve då ingen av oss fast tilsette har hatt høve til å stille.

I tillegg har vi innleia samarbeid med den lokale skulen som har fått ansvar menyplanlegging, servering, sal og drift av kafé Emigranten kvar første torsdag i månaden. Dei starta i november, og var i 2023 første gongen tre gitarar, men ein ny elev kom til, og dei er no fire gitarar og ein lærar som hjelper til, fire timar kvar gong, tilsaman 36 timar.

Vi har altså i 2023 har til saman oppunder 200 timar med frivillig innsats og hjelp i samband med arrangement og kafedrift.

Victor (81) frydar seg kvar torsdag



TRAVEL: - Då eg flytta tok eg røva i eit anna gir, seier Victor Haugstad. Å vera ein ivrig kafégjest på Radøy er ein av mange aktivitetar i veka for mannen frå Bergen. Foto: Eva Neteland

Det er eit aktivt vennelag med eit styre på 5-6 personar, som har hatt jamne møter, ikkje minst for å planlegge Utvandringsfestivalen. Det har vore 11 styremøter med 6 medlemmer, kvart møte varer kring 3 timer, totalt nær 200 timar. T tillegg kjem tida og innsatsen mellom møta for å organisere, planlegge og skaffe dugnadsfolk og aktørar både for talar, musikk, marknad, kulturinnslag og mykje meir. Og innkallingar, referatskriving mm dette er minimum 50 timar om ein reknar 1 time for kvart medlem mellom møta.

Totalt kan ein nok rekne minimum 586 timar, i overkant av 0,3 årsverk.

I samband med Halloween hadde vi inne tre elevar i Operasjon Dagsverk frå Austrheim vidaregåande skule.

Mål Relevant formidling

Formidling

På formidlingsfronten har vi fått testa ut to nye formidlingskonsept. *Minne om ein krig* tar utgangspunkt i minnestøttene våre over krigsseglarane og 99th bataljon, og har vore brukt med 5.-7.trinn. Loftet på Nybyggarstova har blitt innreia som forteljarrom, og vi har hatt forteljarstund for ei førskulegruppe med utgangspunkt i amerikakoffertane og historia om Johanna som er vakse opp i dette huset. I vår har vi og fått gjennomført MUHO sin Escapebox hos oss. Det var kjekt!

I sommarsesongen har vi hatt to sommarvertar i tillegg til dei faste 2 tilsette, og vi har erfart at skal vi ha ope museum og kafé er det naudsynt å vera to tilsette på jobb, slik at ein kan rotere på omvising og kafévertskap. Dette gjer at kafé og museumsbutikken blir meir attraktiv og tilgjengeleg, og gjer gjestane våre ei betre heilskapleg oppleving. Gjestane gjer gode tilbakemeldingar på kunnskapsrike omvisarar som har tid til å tilpasse omvisingane etter publikum sine behov.



Det var også ein del gjestar som berre ønskte å nytte seg av kafétilbodet. Kafégjester får likevel med seg ein del av formidlinga vår gjennom lokalet, utstillingar og prat. Vi ser difor på det utvida kafétilbodet som eit godt tilskot til drift og formidling.

Det store løftet om sommaren er Utvandringsfestivalen, som i år hadde tema *Alle stemmer skal høres*. Festivalen går over tre dagar, og vi legg til rette for fleire grupper publikum. Det skal vere høve til å komme alle dagane, og få ulike opplevingar. Festivalen fekk gode tilbakemeldingar frå publikum og god pressedekning.

Første dagen var Fredagskveld i Saloonen, med den skotsk-irske folkemusikkgruppa *Skyerish*. Nytt av året var eit samarbeid med Samfunnshuset, der det vart invitert til Festivalquiz og Pub etter konserten.

Laurdag var det Festivalmyldring og Alle stemmer skal høres. Årets tema var knytt til monumentet for Marcus Thrane, og sidan det er valår i år, la vi vekt på demokrati, og inviterte mellom anna lokalpolitikarar frå alle partia til å gripe mikrofonen og dele sine tankar og håp for framtida. Saman med Venneforeininga hadde vi valt at vi ikkje skulle ha den tradisjonell Festkvelden på laurdagskvelden. Arrangementet har dei siste åra vore krevjande å få gjennomført.

Den tradisjonelle Festgudstenesta, som soknet og venneforeininga skipa vart gjennomført som den pleier og var godt besøkt.

Nytt av året var at vi flytta Monumentsseremonien til søndagen. Dette var vellukka, etter ei årrekke med dalande oppslutning såg vi i år ei auke i publikum. Dette var eit grep vi vil gjere igjen. Årets hovudmonument var Marcus Thrane, og til å halde talen inviterte vi eldsjela Berit Oliva Kvalvik.

Etter seremonien og gudstenesta var det kafé i Saloonen på Prærien. Vi fekk dermed ein meir effektiv kafédrift og flytta folk ned saman med Familiedagen på Prærien. Den tradisjonelle Familiedagen på Prærien er eit av dei mest populære arrangementa våre, og det var også tilfelle i år. Folk kosa seg, både store og små.

Sosiale media og digital formidling

Vi deltek i eit EU Erasmus-prosjekt Small museums on the go, der MUHO er part saman med små museum i Italia, Kroatia og Kypros. Dette prosjektet skal hjelpe små museer til å verte synlege for eit større publikum med digitale verkøy som er tilgjengeleg i EU-systemet. Dette var første møte var i Salhus i prosjektet som vert leia frå Italia.

Vi held oppe fokuset på styrking av some og marknadsføring, og deltatt på fleire kurs.

Vi har også laga artikkel på nettsidene våre som også kan nåast via qr-koder når ein er til stades i Kafé Emigranten. Dette er informasjon om Jahn Sjursen-arkivet vårt, og dessutan ei nettside med informasjon og linkar til plattformar og søkeområder der ein kan finne fram til emigrantmateriale, både i Norge og USA. Dette er noko vi ofte får spørsmål om, og gjer det lettare for oss å vegleie folk som er på jakt etter slekt vidare.

Frå tidlegare har vi også laga til qr-kode knytt til den litle utstillinga vår om Guri Rosseland.

Det vert også jobba med artiklar som skal formidle monumenta våre, som skal nåast via qr-koder, og som gjev høve til å ta seg omkring på anlegget vårt og få informasjon også utanom opningstider.

Det er også publisert ein artikkel om Nybyggarstova og Crazy quilt i Digitalt museum.

Vi har laga eit formidlingsopplegg knytt til Reisekista, og tatt det i bruk på arrangement, i tillegg eit opplegg for barnehage Det hemmelege rommet, som også har vore presentert som case for tilbakemelding på Museumslosen sin faglege formidlingskonferanse.

Utstilling

Årets sommarutstilling Å VANDRE ER Å FORANDRE i Elizabeth Town Hall & Jail er ei ny samansetting av tidlegare utstillingar vi har hatt og laga. Vi brukar deler av utstillingane Lengselens bilder, Between coasts og Den vanskelege reisen, og setter desse saman for å belyse ulike sider ved

migrasjon. I tillegg har vi fått med oss ein forfattar frå Litauen og Austrheim som jobbar med ei bok om å vere ny i Norge. I samband med sommarutstillinga vår er vi også særst nøgd med å ha fått med ei lokal forfattar som held på med ei bok om å vere ny i Norge. Ho vil vi også svært gjerne ha med oss vidare som «kritisk venn» som kan rettleie oss, inspirere oss og diskutere med oss når det gjelde eiga og andre si erfaringa med å vere migrant av ulike årsaker.



Vi hadde også denne førjulstida er juleutstilling i husa, med julepynt, men også litt om juletradisjonar på vandring og i endring. Denne var både fysisk i utvalde vindauge i Prærielandsbyen, og supplert med ei digital utstilling i eitt vindauge.

Mål Heilskapleg samlingsutvikling

Fellesprosjektet «Dokumentasjonsteam» skal bidra til å auke kvaliteten og kvantiteten på primusregistreringane i musea i Vestland.

Vi er glade for at vi i april fekk hjelp av MUHO sitt Dokumentasjonsteam. Dei hjalp oss med å hente nokre gjenstandar som kunne plasserast i Fellesmagasinet i Salhus, og hjalp også med å registrere desse gjenstandane. I tillegg fekk vi gode diskusjonspartnarar omkring kva som er kva av museale gjenstandar, kva er bruksgjenstandar og kva er eventuelt rekvisittar. Emigrantkyrkja er ei vigsla kyrkje som er i bruk ved særlege høve, og dei fleste av gjenstandane er viktige for både som utstilling og i samband med kyrkjeleg bruk. Nokre av gjenstandane var også med frå USA, men er ikkje i bruk eller på utstilling i kyrkja, og kunne difor takast vare på i magasin.

Vi har fått publisert dei fleste gjenstandane som Dokumentasjonsteam var og hjalp oss med, frå Enmigrankyrkja og Skulestova. I 2023 fekk vi dermed, med hjelp frå Dokumentasjonsteam publisert 56 gjenstandar, slik at vi no har 201 gjenstandar digitalisert på Digitalt Museum, Vestnorsk utvandringssenter.



Mål Solid kunnskapsproduksjon

Kunnskapsproduksjonen vert til gjennom forskning og faglege dokumentasjonsprosjekt, og vi hentar fram ny kunnskap i samarbeid med andre museum og nasjonale museumsnettverk. Vi jobbar med eit prosjekt som del av musea sitt Mangfaldsnettverk sitt hovudprosjekt **Samlingenes mange stemmer** (2022-2024). Det er 20 delprosjekt og parter med i prosjektet. Vi er også med i en undergruppe i nettverket: *Bryt fasaden*. Gjennom vinteren har intervjuarar i Mangfoldsredaksjonen, eit prosjekt i Bergen kommune, gjort intervju i sine nettverk, som skal verte ein «sekk» råmateriale som vi skal nytte seinare i vårt arbeid med både formidling, omvisningar, utstillingar og skuleopplegg. Dette er eit samtidsdokumentasjonsarbeid i samarbeid med foreninga *Memoar – norsk organisasjon for munnleg historie*.

Immateriell samling – munnlege kjelder

I samband med eit større prosjekt gjennom Mangfaldsnettverket har vi gjort ei innsamling av munnlege kjelder og intervju.



Dette er samtidsdokumentasjon av menneske med minoritetsbakgrunn si oppleving av møte med norske samfunnsinstitusjonar og samfunn. Vi har i prosjektet Nye stemmer, samme samling fått inn 13 intervju med til dels livsfortellingar knytt til migrasjon. Vi har også får tilsvarande stemmer/intervju frå eit anna prosjekt som Memoar har gjennomført Vår arena på vegne av Kultursenteret i Bergen, med same målgruppe og informanttilfang, slik at vi totalt har 25 stemmer vert råmateriale og kjelder som skal nyttast vidare i formidling, undervising og utstilling. Desse vert dei Nye stemmane som skal gje relevanse for fleire om vår samme samling. Fritt Ord har gjeve tilsagn om støtte til å gjennomgå, bearbeide og utarbeide formidlingsopplegg og utstilling basert på dette materialet.

Det nærmar seg 200 årsjubileum for den norske utvandringa til Amerika, og i samband med det er ønsker vi innsamling av munnlege fortellingar av migrasjonshistorier og fortellingar om kontakt med folk som utvandra eller som kom tilbake. Dette vert også del av samlinga. Planen er å få dette også inn i Primus. Vi har eit prosjekt i samarbeid med Fjellkoret, Kystmuseet (Museum Vest) og Memoar med innsamling av denne type materiale. Det er gjennomført eitt arrangement på Kystmuseet med fortellerkveld med fortellingar i sal og rundt kafebord som vart tatt opp. Denne

dagen vart fulgt opp med intervjuavtalar med personar som ønskte å dele meir omfattande minner og historie. Det er planlagt tilsvarande arrangement på Utvandringssenteret på nyåret.

I samband med 200-årsjubiletet håper vi også å få samla inn meir originalmateriale av amerikabrev og kort, evt også nokre gjenstander.

Mål Trygg ivaretaking

På Vestnorsk utvandringssenter er handslukkarane med pulver som sto i alle hus erstatta med nye handslukkere som er vassbaserte. Pulverapparat er ikkje tilråde, og skumapparat er i ferd med å fasast ut som godkjent slukkemetode.

Fengselet har fått nytt tak, og skulestova er vaska og måla. Taket på Lærarbustaden er også vaska.

Vi overvåker Nybyggerstova og har søkt midlar frå Museumsloftet for istandsettingsprosjekt. Vi har alt fått tilsagn på 150 000 frå Uni-stiftelsen til dette, hausten 2023 fekk vi også Museumsloftmidlar, kr 200 000 frå Vestland fylkeskommune. Då kan vi starte detaljplanlegging for vølinga og sette i gang tiltaket i 2024.

I samband med at Dokumentasjonsteam kom til oss og hjalp, er fleire av originalgjenstandane frå Emigrantkyrkja no sendt vidare til magasinet i Salhus. Ei økt i haust vart gjort for registrering og fotografering etter at dei har vore i karantene etter pakking og transport frå Sletta.

Dokumentasjonsteam har dermed hjelpe oss med å registrere og handtere gjenstandar både frå Emigrantkyrkja sitt kyrkjerom og sakristi og frå Skulestova.

Bygg og anlegg

Utedass og lagerplass

Vi har sett opp ein dobbel «utedass» etter førebilete av utedassen som høyrde til Emigrantkyrkja. Dassen er sett opp på Prærien, i bakkant av husrekka, der vi sårt treng litt lagerplass knytt til aktivitetar og arrangement. Det vert altså ikkje dass, men lagerplass. Ein utedass bak fengselsveggen også bygd, etter foto frå korleis den såg ut i Elizabeth.

